

LINDÅS ELDRERÅD - ÅRSMELDING 2013

I rådet har desse vore med: Tore Svendsen leiar
Magnhild Haugen nestleiar
Kåre Bastesen
Karl Johan Olsen
Ingrid Hindenes politisk valgt
Margrethe Høyland sekretær

Rådet har hatt 6 møter, eit møte avlyst pga ingen saker var innmeldt.

I 2013 har rådet handsama og gjeve uttale i 18 saker.

På kommunestyre i august vart det vald inn personleg varafolk for medlemmene i rådet.

Eldrerådet har følgt opp saka om «Ostertunet», og arbeid for å få kikkhull i dørene til kommunale husvære.

Desse har vore på møta og orientert: Mari Synnøve Berg frå Høgskulen i Bergen : Omsorgsteknologi. Brannforebyggjande om kva som kan gjerast for folk som bur i private hus. Kommunelege om sjølv mord mellom eldre.

Det vart vedteke og ikkje arrangere eldrefest, pga mykje arbeid på forhand og lite oppslutning om den. Eldredagen vart markert på institusjonane av Seniorsenteret.

Rådet og varafolk var invitert til omvisning i husvære for Lindåsprosjektet – omsorgsteknologi.

Knarvik, 11.03.2014

Tore Svendsen
Leiar

Margrethe Høyland
sekretær